Utdanningsforbundet Ørsta

Handlingsplan for Utdanningsforbundet Ørsta

Planen bygger på Utdanningsforbundet sitt politiske dokument Vi utdannar Noreg 2024 – 2027, Strategisk plan 2024-2025 og handlingsplan for Utdanningsforbundet Møre og Romsdal 2024-2025

Gjeldande for perioden 01.08.2025 - 31.07.2026

1. Lærarrolla og laget rundt barnehagebarn og elevar

Vi utdannar Noreg:
Lærarprofesjonen skal ha ei særskild rolle i å sikre ei tenleg og forsvarleg avklaring av kva for oppgåver profesjonen har ansvaret for, og kva for oppgåver leiarar og lærarar treng støtte frå andre yrkesgrupper for å løyse. Utdanningsforbundet skal arbeide for at denne avklaringa skjer gjennom partssamarbeid, samarbeid med dei andre yrkesgruppene i det lokale arbeidsfellesskapet og innanfor gjeldande lov- og avtaleverk.

Strategisk plan:
Utdanningsforbundet skal ta eit særskilt ansvar for å definere lærarrolla, og arbeide for ei felles forståing av kva lærarrolla inneber. Vi skal også synlegjere kva vi meiner er eit godt lag rundt barnehageborn og elevar.

Mål	Tiltak	Ansvar
Definere og avgrense lærarrolla	- Følgje opp pkt. 1 i protokolltilførsel til SFS2213 - Arbeide for at definisjonsmakta kring lærarrolla ligg til profesjonen vår - Legge til rette for lokale prosessar når det gjeld å definere og avgrense pedagogane sitt ansvarsområde	ATV Arbeidstakar Leiarar
Tydeleg oppgåvefordeling mellom lærarar og andre yrkesgrupper i laget rundt barn og unge	- Legge til rette for samarbeid med andre yrkesgrupper i barnehage og skule for felles avklaring og forståing av kven som skal løyse dei ulike oppgåvene	Leiarar ATV GNEIST-/HMT-gruppe
Sikre lærarar og leiarar eit vern mot overbelastning	- Setje satsingsområdet i samanheng med arbeid med arbeidsmiljø; jf. satsingsområde 6 - Systematisk arbeid i høve dei tilsette sine rammer og arbeidstilhøve, m.a. med tanke på pålagt meirarbeid, samarbeid med heimane og andre instansar. - Starte arbeidet med implementering av den komande modellen "Lærarrolla og laget rundt barnehagebarn og elevar"	HTV ATV Arbeidstakar Leiarar GNEIST-/HMT-gruppe

2. Ein framtidsretta tariffpolitikk

Vi utdannar Noreg:
Utdanningsforbundet meiner at sentral lønnsdanning skal vere berebjelken ved fastsetjing av lønn for lærarprofesjonen. Vi må ha eit lønssystem som byggjer på utdanning, kompetanse og ansvar. Alle medlemmene våre må få utteljing for formell kompetanse.

Strategisk plan:
Utdanningsforbundet vil med denne satsinga arbeide for å finne fleire handlingsalternativ for å nå dei tariffpolitiske målsetjingane.

Mål	**Tiltak**	**Ansvar**
Påverke lønnsutviklinga i barnehage og skule	- KS-debatthefte, politisk påverknad	LL
Stoppe kompetanseflukta frå barnehage og skule	- Tydeleggjere samanhengen mellom lønn og rekruttering jf Strategi for rekruttering - Systematisk arbeid på den enkelte arbeidsplass mtp. arbeidsmiljøet	HTV og LL ATV GNEIST-/HMT-gruppe
Berre lærarar med godkjend lærarutdanning skal undervise i skulen, og berre barnehagelærarar med godkjent utdanning skal tilsetjast i barnehagen	- Sørge for at det i minst mogleg grad blir gitt dispensasjon for tilsetjing av lærarar utan godkjent utdanning.	HTV ATV Leiarar
Sikre utteljing for vidareutdanning for lærarar i barnehage og skule	- Sikre at kompetanselønnssystemet står ved lag - Jobbe for at barnehagelærarar med meir enn 60 stp. får utteljing for utdanninga si ved t.d. å flytte dei over på lønsstigen for 4-årig U/H-utdanning.	HTV

3. Tid for dei minste (BHG)		
Vi utdannar Noreg: *Dei lovfesta bemannings- og lærarnormene i barnehage og skule må styrkast, og profesjonsfellesskapet må utnytte dei moglegheitene som ligg i desse normene.* *Utdanningsforbundet skal arbeide for at minst 60 prosent av dei tilsette i barnehagen skal ha barnehagelærarutdanning, ved å styrke barnehagelærarnorma samtidig som grunnbemanninga reelt vert auka.*		
Strategisk plan: *Utdanningsforbundet skal vere ein pådrivar for å auke bemanninga og barnehagelærartettleiken i barnehagen, gjennom eit sterkare lovverk sentralt og ulike tiltak lokalt.*		
Mål	**Tiltak**	**Ansvar**
Auka grunnbemanning og nok plantid	- Høgare bemanning per barnetal. (Færre barn per tilsette). - Setje fokus på organisering rundt plantid - Meir plantid til ped.leiarar (ikkje ei makstid).	HTV ATV GNEIST-/HMT-gruppe
-Styrka styrarressurs -Styrka profesjonsmedvit	- Alle barnehagar har styrar i full stilling, samt det blir styrka ved større eining enn tre avdelingar. - God leiing krev at ein er til stades og kan ikkje utøvast utanfrå. Det skal difor være éin styrar i kvar barnehage og éin rektor ved kvar skule. - Få på plass rolleavklaring og arbeidsavklaring mellom pedagogisk leiar og barnehagelærar. - Arbeide for at det vert tilbode gode moglegheiter for arbeidsplassbasert barnehagelærarutdanning.	HTV ATV Leiarar

4. Kvalitetsutvikling på skulen sine premissar

Vi utdannar Noreg:
Vi må utnytte kompetansen i profesjonen betre, både ved utforming av styringssystem, vurdering av kva som er relevant styringsinformasjon, og ved tolking av innsamla informasjon. Mål- og resultatstyring har over lang tid vore det gjeldande styringssystemet i skule og barnehage. Dette har ført med seg standardisering og konkurranse, noko som snevrar inn formålet og samfunnsmandatet (...) Nasjonale prøver må avviklast. I staden bør det utviklast fleksible fagleg-pedagogiske verktøy som kan brukast i klasserommet på lærarane og elevane sine premissar.

Strategisk plan:
Utdanningsforbundet skal vere ein pådrivar for å endre det nasjonale systemet for kvalitetsutvikling slik at det i større grad støttar opp under arbeidet lærarane gjer for at elevane skal lære og trivast, og i mindre grad føre til dokumentasjons- og rapporteringskrav, usunn konkurranse, målforskyving og stress blant elevane.

Mål	**Tiltak**	**Ansvar**
- Vere med å endre det nasjonale systemet for kvalitetsutvikling. slik at lærarane opplever det som gode pedagogisk verktøy.	- Vere med å påverke utarbeiding av alternativ til dagens nasjonale prøver - Samarbeid på tvers av skulane - med omsyn til pedagogisk praksis, vurderingsmetodar, utvikle ein ressursbank for undervisningsopplegg og pedagogiske verktøy o.l.	Lokallagsstyret klubbane
- Vere med å synleggjere og konkretisere alternativ til dagens system.	- Svare på høyring om nye eksamensordningar og ev. andre høyringar knytt til dagens vurderingssystem	HTV og LL ATV/klubbane Lokallagsstyret

5. Rammevilkår i barnehage og skule

Uttale frå Fylkesårsmøtet Møre og Romsdal 2023 - sak 10.04:
Vi ser at rammefaktorane i barnehage og skule gradvis vert dårlegare, ressursane til bemanning, tilrettelegging, ekstra innsats og førebygging vert knappare, medan behova vert større. Samtidig ser vi høge politiske ambisjonar til utdanning i Noreg, på tvers av alle politiske parti. Etter vårt syn fremmar ikkje den rådande politikken arbeidskvaliteten for dei som har eit arbeid i barnehage og skule. Det totale presset på leiarar og andre tilsette i vår sektor gjer at for mange vil forlate yrket, eller vel å ikkje gå inn i det.

Mål	Tiltak	Ansvar
- Synleggjere konsekvensar av for dårlege rammer i barnehage og skule	- Tydeleggjere for politikarane kva konsekvensar ev. manglande økonomisk prioritering av budsjettet får for Oppvekst, Kultur og Inkludering - Følgje opp KS-debatthefte og sentral Strategi for rekruttering 2030 - Seniorpolitiske tiltak i barnehage, og i skulen for andre yrkesgrupper - Gode rammevilkår i skule og barnehage for å motvirke flukt frå læraryrket - Bruk av media	HTV LL

6. Arbeidsmiljø – trygge og helsefremjande arbeidsplassar

Vi utdannar Noreg:
Tilsette må vere verna mot vald og trugslar om vald og mobbing og grovt krenkande åtferd og ordbruk både i arbeidssituasjonen og i digitale medium.

Uttale frå Fylkesårsmøtet Møre og Romsdal 2023 - sak 10.04:
Nyare forsking, både nasjonalt og internasjonalt, viser at det som er særleg belastande i læraryrket er det å stå i stressrelaterte situasjonar over lang tid, noko som kan sjåast som «ei langsam ulukke». Vi ynskjer difor at det må setjast større fokus på psykososialt arbeidsmiljø.

Mål	**Tiltak**	**Ansvar**
- Arbeide for god bruk av HMT-system - Sjå til at alle arbeidsgjevarar har rutinar i samsvar med føreskrift til AML, kap. 23A: Arbeid som kan medføre fare for å verte utsett for vald og trugsel om vald.	- Arbeide for haldningsendring hjå tilsette og leiarar mtp. avviksføring. - I samarbeid med verneombod/hovudverneombod; sjå til at bygg og kontorplassar er forsvarlege og innanfor lovkrava - Sjå til at ein plan kring vald og trakassering i barnehage og skule er tilgjengeleg og praktisert. - Implementere og skulere i praktisering av ny IA-avtale. - Auke fokuset på lærarane sitt særskilte vern i straffelova § 265 og § 286 - Skulere arbeidstakarar i bruk av felles HMT-system.	HTV GNEIST-/HMT-gruppe